

Nyheter
Parfyme

Parfymesalet har skote i vêret

Om du synest det luktar for mykje parfyme om dagen, kan du faktisk skulde på Tiktok.

Rose Øvretveit og Jannica Luoto (foto), Bergens Tidende

Parfymeslaget går eks-tremt godt om dagen. Det fortel Hanne Sundby som jobbar i Taxfree Norge. Ho seier enkelte merker har skote i vêret. Blant anna har salet på Jean Paul Gaultier, Valentino og Burberry auka med over 70 prosent så langt i år, sett mot same periode i fjor.

Sundby jobbar med marknadsføring gjennom kontoen «tax-freehanne» på Tiktok og Instagram. Ho trur Tiktok er mykje av grunnen til auka.

- Desse merka er over alt på plattformen om dagen. Det er både store påverkarar med mange følgjarar som lagar videoar om dei, og mindre kjente kontoar og ungdommar.

Vil ikkje ha det alle har. Jacob Meisler er ein av dei som har blitt opptatt av parfyme i det siste.

- Eg har sju ulike. Det er ulike parfymar til ulike anledningar. Nokre til kvardags og nokre til fest.

Meisler og kompisen Henry Opitz studerer begge bachelor i økonomi og administrasjon på BI. Opitz fortel at han berre har to ulike parfymar.

- Ein for vinterhalvåret, og ein

for sommaren, som er meir sitrusaktig.

Gutane har fått med seg marknadsføringa som skjer på Tiktok. Dei nemner blant anna kontoen Jeremy Fragrance, ein tyskar som anbefalar parfymar.

- For meg er det viktig å ikkje ha det alle andre har, men å skilje seg litt ut, seier Meisler, som i dag brukar parfymen Intenso frå Dolce Gabbana.

Opitz går med Stronger With You, frå Armani.

- Tatt heilt av. Nettopp Stronger With You er ein av dei mest selde parfymane. Taxfree Norge har ikkje ønska å gå ut med nøyaktige salstal. Men totalt er parfymesalet opp 15 prosent så langt i år, samanlikna med same periode i fjor.


Dagleg leiar i Fredrik og Louisa, Eric Rivalsrud, kan ikkje gå ut med nøyaktige tal for det nasjonale salet, men opplyser at på Fredrik og Louisa Lagunen i Bergen hadde dei tydeleg vekst i kategorien duft i fjor.

- 72 prosent auke i salet i 2023, utan å ta med mange av nyheitene, fortel han.

Arlinda Dakaj er dagleg leiar på Fredrik og Louisa Xhibition. Ho



☑ - Det er viktig å velje rett parfyme til rett anledning, seier Jacob Meisler (23). Her med Henry Opitz (23) (til v.).



Du burde alltid prøve ein parfyme på di eiga hud før du bestemmer deg

Hanne Sundby, Taxfree Norge

fortel at veksten starta i fjor sommar.

- Det har tatt heilt av. Kundane har ein heilt anna kunnskap enn tidlegare.

Startar som marknadsføring. Sundby forklarar korleis eitt sosialt medium kan få så mykje makt i marknaden:

Først tek selskapa kontakt med ein eller fleire kontoar med mange følgjarar. Dei får betalt, eller får sponsa produkt, for å promotere parfymen.

Etter at ein stor påverkar har anbefalt produktet, sleng gjerne alle andre seg på.

- Nokre hyllar kanskje produktet, medan andre ikkje likar det. Men om du er for eller mot har lite å seie, algoritmane vil gjere at videoen din går bra uansett.

Grunnen til det, er at videoar om same tema allereie har gjort det bra, fordi det er store kontoar som promoterer temaet.

- Lurt å vere skeptisk. Så lenge dei som sleng seg på brukar ein liknande emneknagg, vil deira videoar òg nå ut til mange, ikkje berre dei som følgjer dei.

Viss du ønskjer å få nye følgjarar, er dette ein veldig god måte å gjere det på. Dermed får produkta òg veldig mykje gratis reklame.

-Det er lurt å vere skeptisk, seier Sundby. - Fordi parfyme reagerer med kjemien i huda di, vil den lukte ulikt på alle. Du burde alltid prøve ein parfyme på di eiga hud før du bestemmer deg.

Meisler fortel at han finn den parfymen han likar ved å lukte og teste i butikkane. Han er ikkje framand for å bruke 1000 kroner på ein god parfyme. Men sjølv om dei vil lukte godt, vil ikkje gutane at det skal lukte for mykje.

- Viss du går over fem-seks spray, då er du i meste laget.



Å | Kortet

FOMA – musikkfestival

akortet.no/kultur

FOMA
FORNEBU MUSIC AND ARTS FESTIVAL
6-7 JUNI

LOST FREQUENCIES · LUKAS GRAHAM
JOHN NEWMAN
CHRIS HOLSTEN · SONDRE JUSTAD
BALLINCIAGA · JULIE BERGAN · KA2 · KAMELEN
ORLINSKI · POSTGIROBYGGET · VICTOR LEKSELL
ADEN FOYER · AMARA · CHRIS ABOLADE · LILLE VENN
MAKOSIR · SKAAR · YLVA · 06 BOYS

FORNEBU
6. og 7. juni

FOMA er en årlig musikk-, kunst- og mat & drikkefestival i Rolfsbukta på Fornebu. På to scener får du se etablerte og up-and-coming-artister fra både inn- og utland. Festivalen har et stort utvalg av både mat og drikke med eget vinunivers, hvor du kan smake på ulike druer fra alle verdens hjørner. Kanskje du også finner din nye favoritt-kunstner blant kunstutstillingene på området?

A-kortrabatt 15%

FOMA
FORNEBU MUSIC AND ARTS FESTIVAL